
Saksnr: 2021/17005-1
Saksbehandlar Knut Helge Olsen
Dato: 06.04.2021

Til: Hovedutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Rapportering fråvikssaker per mars 2021

Fråviksgruppa i INV handsamar alle saker knytt til fråvik frå vegnormalar i Vestland fylkeskommune.

Per medio mars har det komen inn i alt 30 saker til handsaming i fråviksgruppa for Vestland fylkeskommune. Normalt held fråviksgruppa møte ein gong kvar måned. Rapporteringa til SAMO skjer normalt to gongar i året. Siste rapportering var per 31.10.2020.

Det har vore ei jamn tilstrøyming av saker i heile perioden frå nyttår. Saksmengda hittil i år utgjer vel 40% av den totale saksmengd for 2020 (74 saker), som og var eit travelt år for fråviksgruppa. Det er i hovudsak vegnormalane N100 Veg- og gateutforming, N101 Rekkverk og vegens sideområder, N400 Bruprosjektering og N500 Vegtunneler det søkjast fråvik frå. Som for 2020 er det førebels i 2021 ei overvekt av saker knytt til krav om lineføring (kurvaturar), rekkverk og sikt. Alle sakene er svart ut innan sakshandsamingsfristen på ein måned.

Når det gjeld typen reglar det søkast fråvik frå finn de eit oversyn i tabell 1 under:

Tabell 1: Oversyn over type reglar det søkast fråvik frå.

Type reglar det søkjast fråvik frå	Tal saker
Prinsipielle skal-reglar	0
Skal-reglar	17
Bør-reglar	13
sum	30

Som det kjem fram frå tabell 1, har det ikkje komen inn saker kor vedtaket kan få alvorlege økonomiske konsekvensar for tiltakshavarar (prinsipielle skal-reglar). Storparten av sakene som har vore handsama i 2021 er saker som har komen frå einingane Plan og utbygging og Vedlikehald, drift og beredskap. Dette er tiltak som utførast i regi av Vestland fylkeskommune.

Når det gjeld vedtaka, har 2/3 av vedtaka vore godkjenning av fråvik. Dei fleste godkjenningane vert gjeve med atterhald om at det vert gjennomført avbøtande tiltak.

Det har vore ei sak kor fråviksgruppa ikkje tilrådde fråvik (alternativ B - bru over Esefjorden)¹. Dette var grunna i den særskapte kurvaturen til brua i dette alternativet.

Det har og kome inn nokre saker direkte frå private tiltakshavarar, som har hatt eit så manglande grunnlag at det ikkje har vore råd for fråviksgruppa å handsame sakene (i alt 5 stk.). I slike saker

¹ <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/vegprosjekt-i-vestland/fv.-55-bru-over-esefjorden/>

sender fråviksgruppa sakene til vidare handsaming og oppfølging hjå forvaltningseiningane. Det har og kome inn tre saker kor søkjar anten ikkje har forstått regleverket, eller har vore i tvil om reglane gjeld tiltaket. I desse tilfella har fråviksgruppa kome til at fråvik ikkje har vore naudsynt.

Typane vedtak er synleggjort i tabell 2 under:

Tabell 2: Typar vedtak gjort av fråviksgruppa, per 24. mars 2021

Tilrådingar frå fråviksgruppa	Tal saker
Tilrådde fråvik	20
Ikkje tilrådd fråvik	1
Avviste saker (ikkje naudsynt med fråvik)	3
Ufullstendige saker (sendt til forvaltning)	5
ikkje handsama (saker til møte i april)	1
Sum	30

Fråviksgruppa har i perioden og gjennomført fleire møte med eksterne organ i samband med fråvikshandsaminga. Mellom anna har det vore gjennomført møte med avdeling for konstruksjonsteknikk i Vegdirektoratet, kor tema var føringskant i smale vestlandstunnelar, og møte med Rogaland fylkeskommune knytt til organiseringa av fråvikshandsaminga i Vestland fylkeskommune.

Det har og vore gjennomført ei rekkje rådgevingsmøte med interne prosjekt som er i startfasa med planlegging av tiltak.